

## Referat frå møte i Samarbeidsutvalet 08.01.24.

Til stades: Vivian Kvam (politisk vald, vara for Olav H. Einan), Eirik Hoem (FAU), Ine Jeanett Skjerven (FAU), Anne Grete Sønsthagen (FAU), Solveig Stende (lærartilsett), Johannes Fredheim Finstad (lærartilsett), Tone Helen Kvalen (andre tilsette), Benjamin Schanke Eikum (elevrådsrepr.) og Hilde Holte Selland (rektor).

Forfall: Hans Fredrik Hagelin Moe (elevrådsrepr.)

### **Sak 1 - 2023/24: Velkommen som SU/SMU-medlem**

-Presentasjonsrunde

### **Sak 2 - 2023/24: Konstituering**

Leiar: Olav Høyheim Einan

Nestleiar: Eirik Hoem

Sekretær: Hilde Holte Selland

### **Sak 3 – 2023/24: Utkast til møteplan**

- 8. jan. 2024, 27. februar 2024, 28. mai 2024

Vedtak: Viss det oppstår behov for å flytte eller ha fleire møter er det høve til å kalle inn digitalt eller fysisk.

**Sak 4 – 2023/24: Informasjon v/Audun Torvaldsen om rigging og start av Nye Hafslo barnehage**  
Audun synte planen for byggeprosjektet. Møtet fekk sjå skissa for barnehagen og ungdomsklubben i 2. etasje. Eit stort område blir gjerda inn og anleggstrafikken vil gå inn og ut av området i ordna former. Store deler av dagens parkering blir ikkje tilgjengeleg, men kommunen opparbeidar eit nytt parkeringsområde på graset. 17. januar er anbudsfrist for prosjektet. Mogleg oppstart kan bli i februar. Store deler av rivingsmassen har ein fått løyve frå miljødepartementet til å senke/dumpe det i grunnen på den delen som blir rive. Skulen har tidlegare meldt inn trafikkhøve og bekymring rundt trafikksikker skuleveg. No skal det utarbeidast ein arealplan for Hafslo, der ein har høve til å melde inn gangveg, parkering og liknande. Arealplanen blir tema på neste SU møte 27. feb. Samstundes så jobbar ein med å utarbeide eit nytt prosjekt med felleshall/aktivitetshall. Blir arbeidsmøte i løpet av våren 2024.

### **Sak 5 - 2023/24: Skuleåret 2023/24**

- Handlingsplan for trygt og godt skulemiljø. Planen blir redigert kvart år og blir lagt ut på heimesida til skulen.
- Godkjenning av ordensreglementet. Endring er merka med farge.
- Godkjenning av mobilreglementet. Merknad: fram til det kjem nasjonale føringar når det gjeld bruk av mobil/smartklokker, så gjeld mobilreglementet. Endring på kulepunkt 3 under ungdomsskulen: **Mobilfrie friminutt kvar dag kl. 13.20 – 13.40.**
- Organisasjonskart – til orientering. Blir lagt på heimesida til skulen.
- Utviklingsplan – til orientering. Blir lagt på heimesida til skulen.

### **Sak 6 – 2023/24: Kafèdialog- dugnad, turar og gratisprinsippet**



Tek det oppatt på neste SU møte.

#### **Sak 7 – 2023/24: Statusrapport frå elevråd og FAU**

Elevrådet har arrangert Palsveke og volleyballturnering. Dei ynskjer at ungdomsklubben får høve til å halde fram i byggeperioden. FAU har hatt tre møter og jobba med saker som mobilundersøking, dagsats på Sfo, påbygg på Sogndal vidaregåande skule, foreldrenettverk og sosialkveldar.

#### **Sak 8 – 2023/24: Orienteringssaker**

Budsjettmøte i desember 2023- saker som blei drøfta som gjeld oppvekst:

- Areal, personal og ressursar Sfo- stor auke i antall barn p.g.a. nasjonale føringar med 12 timar gratis kjernetid for 1., 2. og 3. klassingar frå hausten 2024. Barn som har ekstra ressurs i skule må òg ha det på Sfo.
- Auke grunnbemanninga i barnehage.
- Kommunen sin arealplan skal opp i formannskapet onsdag 10. jan.

#### **Sak 9 - 2023/24: Ymse**

-Ingen innmeldte saker.

Neste møte 27. feb. kl. 19.00

Hafslo, 16.01.24

Ref. Hilde